

Referat styringsgruppemøte 08.05.19

Deltakarar:

Vågå: Jan-Egil Fossmo, Helen Øygarden, Pål Inge Sanden, Anne Britt Sætrumsmoen (HTV),
Tor Even Vågheim (HVO), Arne Heier- referent.

Sel: Kaija Eide Drønen, Solveig Rindhølen, Kristin Rønn Gårderløkken (andre del), Torbjørn
Tho (HVO), Nina Grindstuen (HTV),

I tillegg: Solveig Nymoen (fyrste del), Frank Roger Vangen

Forfall: Iren Ramsøy, Solveig Viktoria Olstad.

Stad: HubOtta
Tid: 08.05.2019
Tidsramme: 12.00-14.15

Møteleiar: Kaija Drønen

1. Referat frå møtet 20.04.19

Ingen merknader.

2. Vegen vidare

Alle grupper har levert rapport. Godt jobba. Alle gruppene må gå gjennom sine rapportar og anonymisere informasjonen dvs. ta bort namn som knytt til årsverk. Sjå elles det vidare referatet.

Kvar rapport vart kommentert med utgangspunkt i konklusjonar/tilrådingar som gruppene hadde kome med.

Gruppe 5: Økonomi og alternative modellar.

Gruppa har konkludert med at ei forenkling mtp økonomi/fordeling av fellesutgifter vil kunne vere 60% på Sel og 40% på Vågå. Gruppa har rekna på fleire av eksisterande samarbeidsområde. Kommunespesifikke kostnader tek da den respektive kommunen.

Ein legg til grunn ei fordeling mtp lokalisering som blir oppfatta som rimeleg rettferdig og lik i «volum».

Arbeidsgruppa skriv at dei kan ikkje sjå dei store økonomisk gevinstane før enn kommunane eventuelt i framtida blir ei juridisk eining.

Styringsgruppa ser at dette er gjennomgåande i alle gruppearbeida.

Styringsgruppa hadde forventa at fylkesmannen hadde vist større interesse for arbeidet som har vore gjort. Ein har ikkje lukkast å få dialog med dei om mogleg handlingsrom etter ny kommunelov.

To alternative former for organisering peiker seg ut i denne samanhengen:

- Administrativt vertskommunesamarbeid etter ny kommunelov (KL) § 20-2
- Vertskommunesamarbeid med felles, folkevald nemnd etter ny KL § 20-3

Den mest enkle løysinga for organisering av samarbeid vil vere gjennom administrativt vertskommunesamarbeid (jf ny KL § 20-2). Kommunestyra i både kommunane må ta stilling til eigarskap/organisering og vere samde om løysinga med dei lovkrav som er aktuelle.

Rapporten frå gruppe 5 er omfattande og på enkelte område vel detaljert. Styringsgruppa vil at rapporten blir gjort stuttare t.d. ved å ta ut oversikt eksisterande samarbeidsområde, delar av informasjonen ny KL.

Gruppe 4: Vaksenopplæring

Arbeidsgruppa si tilråding er at det vil vere formåstenleg med samorganisering, men logistikk/transport vil vere utfordrande.

Framtida for introduksjonstilbodet er usikkert både grunna færre flyktningar til Norge og nye retningsliner for tildeling av flyktningar med omsyn til kommunevise resultat. Styringsgruppa ber arbeidsgruppa om å ta inn i dette i rapporten sidan det ikkje har vore vurdert så langt. Introduksjonstilbodet utgjer eit lite miljø - eit samarbeid vil vere bra både på stutt og lang sikt. Gruppa si skisse til moglege løysingar av praktiske utfordringar er godt omtalt.

Samarbeidet med dei friviljuge (organisasjonar og enkeltpersonar) er viktig for ein god kvardagsintegrering.

Sel har busetting av flyktningar på Otta og i Heidal. Positiv erfaring med dette så langt, men også ein del praktiske utfordringar t.d. transport. Det er også utfordrande å skape gode kompetansemiljø i både Heidal og Otta sidan miljøet og talet på deltakarar blir få.

Til orientering har Vågå fått fire nye flyktningar i løpet dei siste dagane.

Styringsgruppa ber arbeidsgruppa innarbeide i rapporten kva areal som finst i begge kommunane ved ei eventuell samanslåing.

Gruppe 3: Stab/støttefunksjonar

Arbeidsgruppa meiner at samarbeid på rekneskap og løn vil vere positivt og redusere sårbarheit og styrke fagmiljøet.

Samarbeid om arkiv og eigedomsskatt har gruppa vurdert som ikkje aktuelt å gå vidare med no. Eigedomsskatt bør etter gruppa si meining vere lokalisert til byggjesak og oppmåling og ikkje til rekneskap.

Arbeidsgruppa gjekk i sitt siste møte, etter lengre diskusjon, inn for å prioritere ei organisering i lag med skatteoppkrevjaren for å skape eit størst mogleg og robust miljø, men ser også utfordringar med dette i og med at skatteoppkrevjaren er i vertskommunesamarbeid med 3 andre kommunar og har arbeidsgjevarkontroll for 4 andre kommunar (Dovre har sagt opp avtalen).

Innkjøpskontoret er teke med som eit mogleg del av dette miljøet ev. i «fase 2» – da gruppa ser at det er like naturleg å tenkje det mot rekneskap som mot tekniske tenester.

IKT Sel spør om det kan vere aktuelt å utgreie eit mogleg samarbeid innan IKT.

Styringsgruppa ga klarsignal for å arbeide vidare med det. Det vart ikkje gitt tidsramme på dette, men Vågå er interessert å få avklart relativt raskt kva eit samarbeid kan omfatte.

Tilsetjingsprosess i Vågå blir inntil vidare «lagt på is».

Gruppe 2 – Plan byggjesak og oppmåling

Arbeidsgruppa er delt i konklusjonen og har ulikt syn på om samarbeid vil gagne kommunane innan desse fagområda. Dei er samde om at det ikkje er ønskjeleg splitte overordna plan og øvrig planarbeid.

Gruppeleiar fekk i oppgåve å kalle inn rådmennene og tenesteleiari i Sel til møte 13.05.19 for å sjå nærrare på rapporten mtp omfang, form og innhald. Styringsgruppa ønskjer ein meir «lesarvenleg» rapport.

Rapporten må seie noko om dei merkantile ressursane knytt til tenesteområda.

Gruppe 1 – Brann

Det er semje i arbeidsgruppa om å tilrå utvida samarbeid/samanslåing av brannvesena i Sel og Vågå. Mykje nytt lovverk og komande forskrifter stiller nye krav. Dette har gruppa gjort godt greie for. Eit samla brannvesen vil med dagens bemanning kunne oppfylle 2 av 3 heiltidsstillingar som komande forskrift stiller som krav.

Når det gjeld framtidig øvingsområde er det dissens. Vågå meiner at det er riktig å satse på øvingsområdet på Dovre. Sel ønskjer å byggje nytt som kan vere samlande for fleire kommunar også Midt-Gudbrandsdalen. Midt-Gudbrandsdalen brannvesen bruker Otta sitt anlegg i dag.

Informasjon ut mot mannskapet i brannvesenet i Vågå har vore god gjennom denne prosessen i flg hovudvernombodet frå Vågå.

Vegen vidare - konklusjon

Styringsgruppa ønskjer ei etappevis utvikling av samarbeidet. Det er eit ønske om at det no blir gjort vedtak om ein fase 1 for så følgje opp med ein fase 2.

Viktig at fase 1 blir opplevd som rettferdig av både kommunane.

Dei områda som i møtet, vart mest diskutert var brann, stab/støtte og vaksenopplæring med blant anna bakgrunn i positive signal i rapportane. Det er likevel ikkje slik at plan, byggjesak og oppmåling er «freda».

Styringsgruppa kjem ikkje med ei tilråding på lokalisering av tenestene. Rådmennene vil arbeide vidare med saksframlegg til politisk behandling.

Det vart reist spørsmål om den politiske saka om samarbeid bør handsamast av både sitjande og nytt kommunestyre. Det vart ikkje trekt ein konklusjon.

Gruppene får frist til 16.mai for å sluttføre/korrigere rapportane i samsvar med det som er kommentert i dette referatet.

E-post med endeleg rapport skal gå til rådmennene og bli lagra på kvart gruppeområde på R:/2K Sel Vågå 2019.

Styringsgruppa avsluttar med dette sitt arbeid.

Møteslutt kl. 14.15 – tilfredse med arbeidet som er utført.

Arne Heier
Ref.